



Forsikringselskapet har nøkkelen til kva som vidare skal skje med Bjelland-huset som brann 29.mai. Politiet frigav det allereie etter ei veke medan dei tekniske ekspertane held fram med sine granskingar. Det opplyser politioverbetjent Sigurd Børve til uskedalen.no

Huset står framleis slik det stod etter brannen og folk i bygda spør om når det skal skje noko - eventuelt når huset blir reve.

Det blir no også klaga over vond lukt frå huset. Ikkje minst har naboar merka det og dei har eit stekt ønskje om at det skal skje noko snart. Også når ein går forbi merkar ein lukta.

Med omsyn til årsaka føreligg det ikkje nokon bestemt konklusjon. Det einaste Børve kan seie på bakgrunn av det fakat som føreligg er at det må ha vore ein eller annan teknisk årsak. Nærare trur han ikkje at dei kjem.

Telst og foto. Ola Matti Mathisen